



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Sunndal kommune. Driva kraftverk. Høyring av søknad om midlertidig fråvik frå manøvreringsreglementet.

Bakgrunn

På vegne av Driva Kraftverk DA søker TrønderEnergi AS om midlertidig fråvik frå manøvreringsreglement for reguleringa Festa – Vindøla; i 4 – 5 veker i perioden frå 29.08.2022 til 13.11.2022. Bakgrunn for dette er rehabilitering av porten i tverrslaget på Storli. Dette må skje utan vatn i tunnelen frå Gjevilvatnet til Driva kraftverk. Kraftverket skal også stansast, slik at det ikkje vil kunne sende driftsvatn på 10 m³/s til Driva elv som bidrag til vassføringa, dersom den er lågare enn grensene i manøvreringsreglementet.

Merknader

Tiltaket vil kunne føre til redusert vassføring i Driva nedstraums Driva kraftverk. Dette er likevel avhengig av nedbørssituasjonen og historiske data viser store naturlege variasjonar.

Driva er eit viktig laksevassdrag. Pga parasitten Gyrodactylus salaris er bestanden kraftig redusert og vassdraget skal kjemisk behandlast. Første runde av behandlinga vil skje frå uke 33 i 2022 og antakeleg vare eit par veker. Behandlinga vil i hovudsak skje med klor. Klor drep parasitten utan at fisken døyr. Behandlinga vil antakeleg vere avslutta om lag når rehabilitering av porten i tverrslaget på Storli startar.

Etter behandlinga skal det gjennomførast ungfiskundersøkingar, men vi kan ikkje sjå tiltaket vil påverke moglegheiten til å fange inn laksungar.

Driva er på aktuell strekning også ei svært viktig sjøaureelv og det er stort fokus på ta vare på denne bestanden. Sjølv om vassføringsdata syner at eventuell periode med vatn mindre enn minstevassføring vil vere avgrensa, kan det ligge ein usikkerheitsfaktor her. Vi er likevel samd i omtalen i søknaden om at tiltaksperioden ikkje treng å ha negativ effekt for sjøaurens gyting i vassdraget.

Eventuell senking av vasstanden i Gjevilvatnet vil kunne ha konsekvensar for m.a. friluftsliv og redusert landskapsoppleving. Vidare kan det vere negativt for aurens oppgang til gyteområde i

bekkane rundt vatnet. Sidan Gjevilvatnet ligg i Trøndelag viser vi til eventuell fråsegn frå Statsforvaltaren i Trøndelag. Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til søknaden.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Sunndal kommune
Statsforvalteren i Trøndelag

Postboks 94
Postboks 2600

6601
7734

SUNNDALSØRA
STEINKJER